

Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet

Postboks 8004 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref: 13/142

Vår ref: 2013/60538-1

Arkivkode: 008

Dato: 18.04.2013

Svar på høyring - Hindre for digital verdiskaping

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) har som oppgave å drifte Statens kompetansesenter for deltaking og tilgjengelegheit (Deltasenteret). Deltasenteret sitt mandat er å arbeide for at alle skal kunne delta i samfunnet på lik linje. Senteret arbeider for å nå regjeringa sitt mål om eit universelt utforma Noreg innan 2025.¹ Med dette som bakgrunn gjev Bufdir svar i høyringa om NOU 2013:2 *Hindre for digital verdiskaping*.

Ei mangfaldig befolkning

Redusert funksjonsevne kan vere permanent eller midlertidig. Med stigande alder opplever dei fleste at sanseapparatet blir svekt, og at ein blir mindre førleg. Eldre utgjer ein stadig større del av befolkninga i Noreg, og derfor finst det fleire med redusert funksjonsevne. I 2000 var 15,2 % av befolkninga over 65 år, og det er det venta at det tilsvarande talet i 2050 vil vere 23,7 %.² Folks oppleving av redusert funksjonsevne vil vere avhengig av dei løysingane som blir tilbydd.

Inkludering som verdiskaping

Universell utforming og brukarvenlege løysingar er ein viktig premiss for digital verdiskaping i alle sektorar og for alle tiltak som blir omtalt i rapporten. Mangel på tilgjengelege løysingar må følgeleg sjåast som eit vesentleg hinder for digital verdiskaping.

Eitt hinder for digital verdiskaping kan vere at produsentar ikkje tek omsyn til mangfaldet i befolkninga i utviklinga av nye tenester og produkt. Dette kan avgrense kundegrunnlaget for produsenten. Dess fleire som kan nytte ei teneste eller eit produkt, dess større marknad og verdiskaping.

Manglande tilgjengelegheit vil òg hindre at folk som ønskjer å bruke tenesta eller produktet, faktisk kan gjere det. Dette kan vidare føre til diskriminering. Digital verdiskaping bør fremme inkludering heller enn å skape nye hinder. Tilgjengelegheit og universell utforming er difor viktig både på leverandørsida og konsumentersida.

¹ Handlingsplan Norge universelt utformet 2025. Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009-2013. Barne- og likestillingsdepartementet

² FN. World population prospects. Tilgjengeleg frå *Statistisk årbok 2012*. <http://www.ssb.no/a/aarbok/tab/tab-107.html>

Den viktigaste innvendinga Bufdir har mot utgreiinga frå Digitutvalet er at tilgjengelegheitsperspektivet ikkje er omtalt. Tilgjengelegheit er verken vurdert som eit hinder eller som ei moglegheit for verdiskaping.

Manglar i diskriminerings- og tilgjengelegheitslova og i IKT-forskrifta:

Nokre av utfordringane rundt tilgjengelege IKT-system har ein alt forsøkt å løyse med forslaget til forskrift om universell utforming av IKT-løysingar (IKT-forskrifta),³ som nyleg var på høyring. Men noko av det som ikkje er ivareteke i forskrifta (eller diskriminerings- og tilgjengelegheitslova), blir no òg aktualisert i utgreiinga *Hindre for digital verdiskaping*. Ein veikskap med IKT-forskrifta (og med lova) er at ho ikkje dekkjer utdanningssektoren, arbeidsplassar og IKT i bygg (eksempelvis digitale åtgangssystem). At utdanningssektoren ikkje er omfatta, kan vere eit hinder for at digital kompetanse i ung alder på brukar- og utviklarsida, blir like tilgjengelege for alle. Nettopp i ung alder er det særskilt viktig å vere inkludert og å kunne nytte dei same løysingane som andre utan spesialtilpassing.

At elektronisk kommunikasjon er den primære kanalen for dialog mellom innbyggjarar/næringsliv og offentlege verksemdar, er eit viktig mål for regjeringa med satsinga «Digitalt førsteval». Digitale tenester for alle på lik linje er viktig for deltaking både i arbeidslivet og samfunnet generelt. Dette påverkar i sin tur den generelle verdiskapinga ved at flest mogeleg er i arbeid. Det er viktig at folk ikkje berre blir mottakarar, men òg deltakerar. Like eins er det eit hinder for digital verdiskaping at IKT i bygg og på arbeidsplassar ikkje er omfatta av lova.

Når lovverket er mangelfullt, er det desto viktigare at offentlege utgreiingar som denne viser kor viktig tilgjengelegheit er, og motiverer aktørar til å leggje tilgjengelegheit til grunn for sine produkt og tenester.

Forslag om digitaliseringsdirektør

Difi har i dag ansvaret for digitalisering av offentleg sektor og samordning og bør fortsatt kunne dekkje behovet for samordning over sektorgrensene. Bufdir meiner at forslaget om ein digitaliseringsdirektør og sektorovergripande prosjektorganisering bryt med sektorprinsippet i norsk politikk og forvaltning og er difor ueinig i dette forslaget.

Med vennleg helsing

Mari Trommald (e.f.)
Direktør

Åse Kari Haugeto
Leiar Deltasenteret

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur

³ <http://www.regjeringen.no/nb/dep/fad/dok/horinger/horingsdokumenter/2012/horing-forskrift-uu/horingsbrev.html?id=704677>